MEDIEGRAFIKERFAGET	MGR23VESTLAND	MEDLEM	Solheim Svein-Inge
MOTORMANNFAGET	MOM23VESTLANDS	LEDER	Vatle Øyvind
MOTORMANNFAGET	MOM23VESTLANDS	MEDLEM	Fosse Anders

MOTORMANNFAGET	MOM23VESTLANDS	MEDLEM	Meling Ole Severin
MOTORMANNFAGET-N	MOM23VESTLANDN	LEDER	Teige Ottar
MOTORMANNFAGET-N	MOM23VESTLANDN	MEDLEM	HaugenTommy
MOTORMANNFAGET-N	MOM23VESTLANDN	MEDLEM	Trollebø Ole Christian
MOTORMEKANIKARFAGET-N	MME23VESTLANDN	LEDER	Torheim Rasmus
MOTORMEKANIKARFAGET-N	MME23VESTLANDN	MEDLEM	Sandvik Ludvig
MOTORMEKANIKARFAGET-N	MME23VESTLANDN	MEDLEM	Standal Frode
MOTORMEKANIKARFAGET-N	MME23VESTLANDN	MEDLEM	Steinagard Andreas
MOTORMEKANIKERFAGET	MME23VESTLANDS	LEDER	Skjoldli Normann
MOTORMEKANIKERFAGET	MME23VESTLANDS	MEDLEM	Søvik Tore
MOTORMEKANIKERFAGET	MME23VESTLANDS	MEDLEM	Tarberg Sigbjørn
MOTORSYKKELFAGET	MSY23VESTLAND	LEDER	Iversen Frode
MOTORSYKKELFAGET	MSY23VESTLAND	MEDLEM	Soleide Arve Helge
MURARFAGET	MUR23VESTLAND	LEDER	Nielsen Frank Holger
MURARFAGET	MUR23VESTLAND	MEDLEM	Hansen Eirik Sebak
MURARFAGET	MUR23VESTLAND	MEDLEM	Hellebø Knut Erik
MURARFAGET	MUR23VESTLAND	MEDLEM	Wilhelmsen Anders Bjørhovde
NDT-KONTROLLØRFAGET	NDT23VESTLAND	LEDER	Vågenes Tor Henning
NDT-KONTROLLØRFAGET	NDT23VESTLAND	MEDLEM	Herland Bård Morten
NDT-KONTROLLØRFAGET	NDT23VESTLAND	MEDLEM	Oldereid Mads-Ivar
PLATEARBEIDARFAGET-N	PLA23VESTLANDN	LEDER	Ytrehus Geir Olav
PLATEARBEIDARFAGET-N	PLA23VESTLANDN	MEDLEM	Bragstad Einar
PLATEARBEIDARFAGET-N	PLA23VESTLANDN	MEDLEM	Hauge Jan Tore
PLATEARBEIDARFAGET-N	PLA23VESTLANDN	MEDLEM	Hestetun Tor Ove
PLATEARBEIDARFAGET-N	PLA23VESTLANDN	MEDLEM	Olsen Bjørn Roar
PLATEARBEIDARFAGET-N	PLA23VESTLANDN	MEDLEM	Prestrud Hans Jørgen
PLATEARBEIDERFAGET	PLA23BERGEN	LEDER	Vabø Sigurd
PLATEARBEIDERFAGET	PLA23BERGEN	MEDLEM	Berge Asbjørn
PLATEARBEIDERFAGET	PLA23BERGEN	MEDLEM	Ellingsen Lasse
PLATEARBEIDERFAGET	PLA23BERGEN	MEDLEM	Hvidsten Sverre Jørgen
PLATEARBEIDERFAGET	PLA23SUNNHORDL.	LEDER	Rafdal Lars Gunnar
PLATEARBEIDERFAGET	PLA23SUNNHORDL.	MEDLEM	Nes Hans Fredrik
PLATEARBEIDERFAGET	PLA23SUNNHORDL.	MEDLEM	Vik Torstein
Polymerkomposittfaget	POM23VESTLAND	LEDER	Støyva magnar Anton
Polymerkomposittfaget	POM23VESTLAND	MEDLEM	Holme Ola
Polymerkomposittfaget	POM23VESTLAND	MEDLEM	Rundereim Cato
Polymerkomposittfaget	POM23VESTLAND	MEDLEM	Seljestokken Nina
Polymerkomposittfaget	POM23VESTLAND	MEDLEM	Svarstad Håvard Andre
PORTØRFAGET	POR23VESTLAND	LEDER	Edvardsen Espen Andre
PORTØRFAGET	POR23VESTLAND	MEDLEM	Dalveit Anders
PORTØRFAGET	POR23VESTLAND	MEDLEM	Eriksen Glenn
PORTØRFAGET	POR23VESTLAND	MEDLEM	Grotli Birger Bjørnstad
PORTØRFAGET	POR23VESTLAND	MEDLEM	Hustavenes Eva Simonsen
PORTØRFAGET	POR23VESTLAND	MEDLEM	Johannessen Bjarte
PORTØRFAGET	POR23VESTLAND	MEDLEM	Løseth Anita
PORTØRFAGET	POR23VESTLAND	MEDLEM	Åmodt Kristoffer
PRODUKSJONSELEKTRONIKERFAGET	PRO23VESTLAND	LEDER	Selbekk Jan Kåre
PRODUKSJONSELEKTRONIKERFAGET	PRO23VESTLAND	MEDLEM	Fosse Ørjan
PRODUKSJONSELEKTRONIKERFAGET	PRO23VESTLAND	MEDLEM	Steinbakk Morten Konrad
PRODUKSJONSTEKNIKKFAGET	PRT23VESTLANDS	LEDER	Skjold Merete
PRODUKSJONSTEKNIKKFAGET	PRT23VESTLANDS	MEDLEM	Konglevoll Bente

PRODUKSJONSTEKNIKKFAGET	PRT23VESTLANDS	MEDLEM	Landøy Karin Eide
PRODUKSJONSTEKNIKKFAGET	PRT23VESTLANDS	MEDLEM	Nissestad Eivind
PRODUKSJONSTEKNIKKFAGET	PRT23VESTLANDS	MEDLEM	Ryngøye Øivind
PRODUKSJONSTEKNIKKFAGET-N	PRT23VESTLANDN	LEDER	Larsen Wilhelm
PRODUKSJONSTEKNIKKFAGET-N	PRT23VESTLANDN	MEDLEM	-
PRODUKSJONSTEKNIKKFAGET-N	PRT23VESTLANDN	MEDLEM	Eriksen Jan Robert
PRODUKSJONSTEKNIKKFAGET-N	PRT23VESTLANDN	MEDLEM	Hauge Jan Tore
PRODUKSJONSTEKNIKKFAGET-N	PRT23VESTLANDN	MEDLEM	Midthjell Anders
PRODUKSJONSTEKNIKKFAGET-N	PRT23VESTLANDN	MEDLEM	Offerdal Tor Anders
PRODUKSJONSTEKNIKKFAGET-N	PRT23VESTLANDN	MEDLEM	Sponås Geir
PRODUKSJONSTEKNIKKFAGET-N	PRT23VESTLANDN	MEDLEM	Åsnes Egil
PROFILERINGSDESIGNFAGET	PFD23VESTLAND	LEDER	Bratland Eirin
PROFILERINGSDESIGNFAGET	PFD23VESTLAND	MEDLEM	Hanssen Øystein
PROFILERINGSDESIGNFAGET	PFD23VESTLAND	MEDLEM	Raknes Siv
REINHALDSOPERATØRFAGET-N	RHO23VESTLANDN	LEDER	Taraldset Bodil Sætren
REINHALDSOPERATØRFAGET-N	RHO23VESTLANDN	MEDLEM	Hoffmeister Veronika
REINHALDSOPERATØRFAGET-N	RHO23VESTLANDN	MEDLEM	Knapstad Marianne U.
REINHALDSOPERATØRFAGET-N	RHO23VESTLANDN	MEDLEM	Neshagen Liv Turid
REINHALDSOPERATØRFAGET-N	RHO23VESTLANDN	MEDLEM	Starheim Erna Johanne
REINHALDSOPERATØRFAGET-N	RHO23VESTLANDN	MEDLEM	Vigdal Inger-Lise
REINHOLDSOPERATØRFAGET	RHO23BERGEN	LEDER	Boga Marianne
REINHOLDSOPERATØRFAGET	RHO23BERGEN	MEDLEM	Engevik Ann Kristin Lyssand
REINHOLDSOPERATØRFAGET	RHO23BERGEN	MEDLEM	Hestad Anny
REINHOLDSOPERATØRFAGET	RHO23BERGEN	MEDLEM	Hope Siren
REINHOLDSOPERATØRFAGET	RHO23BERGEN	MEDLEM	Hæggernæs Anita Bergesen
REINHOLDSOPERATØRFAGET	RHO23SUNNHORDL	LEDER	Anita Selsvik
REINHOLDSOPERATØRFAGET	RHO23SUNNHORDL	MEDLEM	Eldbjørg Stenberg
REINHOLDSOPERATØRFAGET	RHO23SUNNHORDL	MEDLEM	Kvalvik Line Roset
REINHOLDSOPERATØRFAGET	RHO23SUNNHORDL	MEDLEM	Linda Hellesund
REINHOLDSOPERATØRFAGET	RHO23SUNNHORDL	MEDLEM	Nygård Benedikte
RESEPSJONSFAGET	RES23VESTLANDS	LEDER	Taule Trond
RESEPSJONSFAGET	RES23VESTLANDS	MEDLEM	Haugland Inga Marie Skråmestø
RESEPSJONSFAGET	RES23VESTLANDS	MEDLEM	Johansen Anette Platou
RESEPSJONSFAGET-N	RES23VESTLANDN	LEDER	Mulen Idunn
RESEPSJONSFAGET-N	RES23VESTLANDN	MEDLEM	Helmers Sigrid Bloch
RESEPSJONSFAGET-N	RES23VESTLANDN	MEDLEM	Kirkhorn Terese Helene Honningsvåg
RESEPSJONSFAGET-N	RES23VESTLANDN	MEDLEM	Vedvik Pia Vonheim
RESERVEDELSFAGET	RSD23VESTLANDS	LEDER	Veseth Arne Reidar
RESERVEDELSFAGET	RSD23VESTLANDS	MEDLEM	Amin Mert
RESERVEDELSFAGET	RSD23VESTLANDS	MEDLEM	Andersen Daniel Engelsen
RESERVEDELSFAGET	RSD23VESTLANDS	MEDLEM	Birkeland Leif-Jarle
RESERVEDELSFAGET	RSD23VESTLANDS	MEDLEM	Håland Rudi Fluge
RESERVEDELSFAGET	RSD23VESTLANDS	MEDLEM	Sandvik Raymond
RESERVEDELSFAGET-N	RSD23VESTLANDN	LEDER	Nøtsund Oddmund
RESERVEDELSFAGET-N	RSD23VESTLANDN	MEDLEM	Helgås Rune
RESERVEDELSFAGET-N	RSD23VESTLANDN	MEDLEM	Raudi Terje
RØRLEGGJERFAGET	RLF23BERGEN	LEDER	Berntsen Geir Olav
RØRLEGGJERFAGET	RLF23BERGEN	MEDLEM	Abelsen Frank
RØRLEGGJERFAGET	RLF23BERGEN	MEDLEM	Charlotte Mjelde Blindheim
RØRLEGGJERFAGET	RLF23BERGEN	MEDLEM	Hatland Joakim
RØRLEGGJERFAGET	RLF23BERGEN	MEDLEM	Jørs Espen

RØRLEGGERFAGET	RLF23BERGEN	MEDLEM	Milde-Nævdal Heine
RØRLEGGERFAGET	RLF23BERGEN	MEDLEM	Stanghelle Jan
RØRLEGGERFAGET	RLF23BERGEN	MEDLEM	Stølsnes Rune-Ove
RØRLEGGERFAGET	RLF23BERGEN	MEDLEM	Tveita Espen
RØRLEGGERFAGET	RLF23SUNNHORDL.	LEDER	Ness Rune
RØRLEGGERFAGET	RLF23SUNNHORDL.	MEDLEM	Ness Martin
RØRLEGGERFAGET	RLF23SUNNHORDL.	MEDLEM	Sindre Grønningen
RØRLEGGERFAGET-N	RLF23VESTLANDN	LEDER	Thunes Thomas
RØRLEGGERFAGET-N	RLF23VESTLANDN	MEDLEM	Duesund Joar
RØRLEGGERFAGET-N	RLF23VESTLANDN	MEDLEM	Gjerde Joachim
RØRLEGGERFAGET-N	RLF23VESTLANDN	MEDLEM	Hofslundsengen Osvald
RØRLEGGERFAGET-N	RLF23VESTLANDN	MEDLEM	Nydal Kristian
RØRLEGGERFAGET-N	RLF23VESTLANDN	MEDLEM	Svarstad Steffen
SALGSFAGET	SLG23BERGEN	LEDER	Pena Roger
SALGSFAGET	SLG23BERGEN	MEDLEM	Alvsåker Anita
SALGSFAGET	SLG23BERGEN	MEDLEM	Pasali Jimmy
SALGSFAGET	SLG23BERGEN	MEDLEM	Steinsland Roy
SALGSFAGET	SLG23SUNNHORDL.	LEDER	Vik Øystein
SALGSFAGET	SLG23SUNNHORDL.	MEDLEM	Haavik Hans Martin
SALGSFAGET	SLG23SUNNHORDL.	MEDLEM	Mongstad Øyvind
SALGSFAGET (FEI LKODE - UTGÅR)	SAL23VESTLANDN	MEDLEM	Blaaflat Jarand
SALGSFAGET (FEI LKODE - UTGÅR)	SAL23VESTLANDN	MEDLEM	Flåm Sissel Helen
SALGSFAGET (FEI LKODE - UTGÅR)	SAL23VESTLANDN	MEDLEM	Sunde Raket
SALGSFAGET-N	SLG23VESTLANDN	LEDER	Hafstad Kurt
SALGSFAGET-N	SLG23VESTLANDN	MEDLEM	Blaaflat Jarand
SALGSFAGET-N	SLG23VESTLANDN	MEDLEM	Flåm Sissel Helen
SALGSFAGET-N	SLG23VESTLANDN	MEDLEM	Sunde Raket
SERVITØRFAGET	SER23VESTLAND	LEDER	Kålsås Monika
SERVITØRFAGET	SER23VESTLAND	MEDLEM	Ahluwalia Ajit Singh
SERVITØRFAGET	SER23VESTLAND	MEDLEM	Christensen Lin Cathrine
SERVITØRFAGET	SER23VESTLAND	MEDLEM	Diaz Marlenne
SERVITØRFAGET	SER23VESTLAND	MEDLEM	Osebakken Glenn Erik
SERVITØRFAGET	SER23VESTLAND	MEDLEM	Uglum Jon Vatløstad
SERVITØRFAGET-N	SER23VESTLANDN	LEDER	Uglum Jon Vatløstad
SERVITØRFAGET-N	SER23VESTLANDN	MEDLEM	Laugerud Camilla Sundal
SERVITØRFAGET-N	SER23VESTLANDN	MEDLEM	Veum Camilla
SIKKERHETSFAGET	SIK23VESTLAND	LEDER	Husby Espen Ask
SIKKERHETSFAGET	SIK23VESTLAND	MEDLEM	Arntsen Tømm
SIKKERHETSFAGET	SIK23VESTLAND	MEDLEM	Husa Frode
SIKKERHETSFAGET	SIK23VESTLAND	MEDLEM	Moe Tommy
SIKKERHETSFAGET	SIK23VESTLAND	MEDLEM	Sivertsen Endre Sundfør
SIKKERHETSFAGET	SIK23VESTLAND	MEDLEM	Stenhjem Sturle
SJØMATHANDLERFAGET	SMH23VESTLAND	LEDER	Sandtorv Benedicte
SJØMATHANDLERFAGET	SMH23VESTLAND	MEDLEM	Djukastein Arnfinn
SJØMATHANDLERFAGET	SMH23VESTLAND	MEDLEM	Johansen Ronny
SJØMATHANDLERFAGET	SMH23VESTLAND	MEDLEM	Sofie Hipsley
SJØMATPRODUKSJON	SMP23VESTLAND	MEDLEM	Navikauskas Laila
SJØMATPRODUKSJON	SMP23VESTLAND	MEDLEM	Urang Monica
SMEDFAGET	SME23VESTLAND	LEDER	Sæthre Bjarte
SMEDFAGET	SME23VESTLAND	MEDLEM	Hersvik Hans Erik
STILLASBYGGERFAGET	STI23VESTLAND	LEDER	Østensen Jørn

STILLASBYGGERFAGET	STI23VESTLAND	MEDLEM	Aleksander Leknes Torsvik
STILLASBYGGERFAGET	STI23VESTLAND	MEDLEM	Daae Raymond
STILLASBYGGERFAGET	STI23VESTLAND	MEDLEM	Kvittingen Eirik
STILLASBYGGERFAGET	STI23VESTLAND	MEDLEM	Kårbø Rune Hollund
STILLASBYGGERFAGET	STI23VESTLAND	MEDLEM	Rasmussen Truls Christian
STILLASBYGGERFAGET	STI23VESTLAND	MEDLEM	Sperrevik Robert
SVEISEFAGET	SVE23VESTLANDS	LEDER	Hjertnes Knut
SVEISEFAGET	SVE23VESTLANDS	MEDLEM	Hyttebakk Kristian Thorsen
SVEISEFAGET	SVE23VESTLANDS	MEDLEM	Lerøy Jan Herman
SVEISEFAGET	SVE23VESTLANDS	MEDLEM	Molvik Kathrine
SVEISEFAGET	SVE23VESTLANDS	MEDLEM	Navdal Eirik
SVEISEFAGET	SVE23VESTLANDS	MEDLEM	Nøtland Per Kristian
SVEISEFAGET	SVE23VESTLANDS	MEDLEM	Valen Liv
SVEISEFAGET	SVE23VESTLANDS	MEDLEM	Waagen Simen Rasmussen
SVEISEFAGET-N	SVE23VESTLANDN	LEDER	Ytrehus Geir Olav
SVEISEFAGET-N	SVE23VESTLANDN	MEDLEM	Bolstad Jan Erik
SVEISEFAGET-N	SVE23VESTLANDN	MEDLEM	Hauge Jan Tore
SVEISEFAGET-N	SVE23VESTLANDN	MEDLEM	Jenssen Svenn-Erik
SVEISEFAGET-N	SVE23VESTLANDN	MEDLEM	Solstad Kjell Magne
TAK- OG MEMBRANTEKKERFAGET	TAK23VESTLAND	LEDER	Vallestad Arne
TAK- OG MEMBRANTEKKERFAGET	TAK23VESTLAND	MEDLEM	Berg Rune Lien
TAK- OG MEMBRANTEKKERFAGET	TAK23VESTLAND	MEDLEM	Joakim Vatne
TAVLEMONTØRFAGET	TAV23VESTLAND	LEDER	Pedersen Kristian
TAVLEMONTØRFAGET	TAV23VESTLAND	MEDLEM	Andersen Eirik Rønhovde
TAVLEMONTØRFAGET	TAV23VESTLAND	MEDLEM	Gotaas Geir-Håkon
TELEKOMMUNIKASJONSMONTØRFAGET	TEL23VESTLAND	LEDER	Haukefær John- Arne
TELEKOMMUNIKASJONSMONTØRFAGET	TEL23VESTLAND	MEDLEM	Austgulen Bjarte Johannes
TELEKOMMUNIKASJONSMONTØRFAGET	TEL23VESTLAND	MEDLEM	Ingvaldsen Jon-Inge
TELEKOMMUNIKASJONSMONTØRFAGET	TEL23VESTLAND	MEDLEM	Jørgensen Steinar Henning
TREBÅTBYGGERFAGET	TRB23VESTLAND	LEDER	Hoflandsdal Ivar
TREBÅTBYGGERFAGET	TRB23VESTLAND	MEDLEM	Djupevåg Geir Øystein
TREBÅTBYGGERFAGET	TRB23VESTLAND	MEDLEM	Fylkesnes Jens Gunnar
TREVARE- OG BYGGINNREDNINGSFAGET	TBY23VESTLAND	MEDLEM	Aakre Erik
TREVARE- OG BYGGINNREDNINGSFAGET	TBY23VESTLAND	MEDLEM	Vågen Geir Ove Eide
TØMRARFAGET	TMF23NORDFJORD	LEDER	Riksfjord Atle
TØMRARFAGET	TMF23NORDFJORD	MEDLEM	Edvardsen Frank
TØMRARFAGET	TMF23NORDFJORD	MEDLEM	Edvardsen Kenneth
TØMRARFAGET	TMF23NORDFJORD	MEDLEM	Eikås Jan-Ole
TØMRARFAGET	TMF23NORDFJORD	MEDLEM	Flataker Bjarne
TØMRARFAGET	TMF23SOGN	LEDER	Brugrand Terje
TØMRARFAGET	TMF23SOGN	MEDLEM	Hagen Bjørn
TØMRARFAGET	TMF23SOGN	MEDLEM	Hovland Tore
TØMRARFAGET	TMF23SOGN	MEDLEM	Skjeldestad Terje
TØMRARFAGET	TMF23SOGN	MEDLEM	Vikøren Rune
TØMRARFAGET	TMF23SUNNFJORD	LEDER	Knapstad Vidar
TØMRARFAGET	TMF23SUNNFJORD	MEDLEM	Aase Sigurd
TØMRARFAGET	TMF23SUNNFJORD	MEDLEM	Rogne Frank
TØMRARFAGET	TMF23SUNNFJORD	MEDLEM	Savland Arnold
TØMRARFAGET	TMF23SUNNFJORD	MEDLEM	Svortevik Willy
TØMRERFAGET	TMF23BERGENN	LEDER	Mårstig Endre
TØMRERFAGET	TMF23BERGENN	MEDLEM	Knapstad Andreas



TØMRERFAGET	TMF23BERGENN	MEDLEM	Lie Yngve
TØMRERFAGET	TMF23BERGENN	MEDLEM	Myksvoll Roger
TØMRERFAGET	TMF23BERGENN	MEDLEM	Syversen Kenneth Faye
TØMRERFAGET	TMF23BERGENS	LEDER	Johnsen Roy Erling Lohne
TØMRERFAGET	TMF23BERGENS	MEDLEM	Misje Roald
TØMRERFAGET	TMF23BERGENS	MEDLEM	Nesse Jan Tore
TØMRERFAGET	TMF23BERGENS	MEDLEM	Nygaard Andreas
TØMRERFAGET	TMF23BERGENS	MEDLEM	Salbu Einar
TØMRERFAGET	TMF23BERGENV	LEDER	Bårdsen Henry Bjarte
TØMRERFAGET	TMF23BERGENV	MEDLEM	Cato Hagen
TØMRERFAGET	TMF23BERGENV	MEDLEM	Eide Øyvind
TØMRERFAGET	TMF23BERGENV	MEDLEM	Haraldsen Bernt Åge
TØMRERFAGET	TMF23BERGENV	MEDLEM	Kenneth Bjørøy
TØMRERFAGET	TMF23BERGENV	MEDLEM	Myhren Trond Walther
TØMRERFAGET	TMF23BERGENV	MEDLEM	Stenseth Tone Helene
TØMRERFAGET	TMF23HARDANGER	LEDER	Smistad Rune
TØMRERFAGET	TMF23HARDANGER	MEDLEM	Langesæter Olav
TØMRERFAGET	TMF23HARDANGER	MEDLEM	Lindstad Einar Sigurd
TØMRERFAGET	TMF23HARDANGER	MEDLEM	Slettemark Atle
TØMRERFAGET	TMF23HARDANGER	MEDLEM	Ståle Padøy
TØMRERFAGET	TMF23HARDANGER	MEDLEM	Ystanes Geir
TØMRERFAGET	TMF23KVINNHERRAD	LEDER	Kvernenes Rune
TØMRERFAGET	TMF23KVINNHERRAD	MEDLEM	Hagen Helge
TØMRERFAGET	TMF23KVINNHERRAD	MEDLEM	Nedrevåg Geir Atle
TØMRERFAGET	TMF23KVINNHERRAD	MEDLEM	Øyna Odd Einar
TØMRERFAGET	TMF23SUNNHORDL.	LEDER	Vatna Leif Gunnar
TØMRERFAGET	TMF23SUNNHORDL.	MEDLEM	Fagertun Torleif
TØMRERFAGET	TMF23SUNNHORDL.	MEDLEM	Lindflaten Kjetil
TØMRERFAGET	TMF23SUNNHORDL.	MEDLEM	Litlabø Bjarte
VASKERIFAGET	VAS23VESTLAND	LEDER	Aas Frank Robert
VASKERIFAGET	VAS23VESTLAND	MEDLEM	Lie Jan Birger
Veg- og anleggsgag-N	VOA23VESTLANDN	LEDER	Ulltang Dag Ove
Veg- og anleggsgag-N	VOA23VESTLANDN	MEDLEM	Fosse Frode
Veg- og anleggsgag-N	VOA23VESTLANDN	MEDLEM	Hovland Sveinung
Veg- og anleggsgag-N	VOA23VESTLANDN	MEDLEM	Storøy Sigurd
Veg- og anleggsgag-N	VOA23VESTLANDN	MEDLEM	Østerbø Thomas Helgås
VEI- OG ANLEGGSGFAGET	VOA23VESTLANDS	LEDER	Haustveit Inge
VEI- OG ANLEGGSGFAGET	VOA23VESTLANDS	MEDLEM	Græe Ole Kristian
VEI- OG ANLEGGSGFAGET	VOA23VESTLANDS	MEDLEM	Jørmeland Jan Ove
VENTILASJONS- OG BLIKKENSLAGERFAGET	VBL23VESTLANDS	LEDER	Holum Arvid
VENTILASJONS- OG BLIKKENSLAGERFAGET	VBL23VESTLANDS	MEDLEM	Birkhaug Jonni
VENTILASJONS- OG BLIKKENSLAGERFAGET	VBL23VESTLANDS	MEDLEM	Hauge Victor Solhaug
YRKESJÅFØRFAGET	YRK23VESTLANDS	LEDER	Rolland Helge
YRKESJÅFØRFAGET	YRK23VESTLANDS	MEDLEM	Dale Terje
YRKESJÅFØRFAGET	YRK23VESTLANDS	MEDLEM	Haga Dagfinn
YRKESJÅFØRFAGET	YRK23VESTLANDS	MEDLEM	Hordnes Svein-Kåre
YRKESJÅFØRFAGET	YRK23VESTLANDS	MEDLEM	Neteland Geir Ove
YRKESJÅFØRFAGET	YRK23VESTLANDS	MEDLEM	Rivenes Bjørn
YRKESJÅFØRFAGET	YRK23VESTLANDS	MEDLEM	Søfteland Knut Olaf
YRKESJÅFØRFAGET-N	YRK23VESTLANDN	LEDER	Tjønneland Sigvald Magne
YRKESJÅFØRFAGET-N	YRK23VESTLANDN	MEDLEM	Hartvigsen Edvard Arne

YRKESJÅFØRFAGET-N	YRK23VESTLANDN	MEDLEM	Hatlenes Geir Petter
YRKESJÅFØRFAGET-N	YRK23VESTLANDN	MEDLEM	Kirketeig Inge Johan
YRKESJÅFØRFAGET-N	YRK23VESTLANDN	MEDLEM	Monsen Andre
YRKESJÅFØRFAGET-N	YRK23VESTLANDN	MEDLEM	Nistad Arne
YRKESJÅFØRFAGET-N	YRK23VESTLANDN	MEDLEM	Sandvik Tor Andre
YRKESJÅFØRFAGET-N	YRK23VESTLANDN	MEDLEM	Stenhjem Sveinung
YRKESJÅFØRFAGET-N	YRK23VESTLANDN	MEDLEM	Støyva Lars Bjarne

---

**Saknr:** 2020/42867-3  
**Saksbehandlar** Sissel Brusegård  
**Dato:** 03.03.2020

---

---

**Til:** Yrkesopplæringsnemnda

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

---

### Kursing av faglege leiarar og instruktørar

Fylkesdirektøren for opplæring og kompetanse har bestemt at fram til 01.08.2020 held ein fram med å kursa faglege leiarar og instruktørar slik Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar gjorde før samanslåinga til Vestland fylkeskommune.

Fylkesdirektøren for opplæring arbeidar med å utvikla eit nytt kurs for Vestland fylkeskommune. Kurset vil mellom anna leggja større vekt vurderingspraksis enn det kursa i dei tidlegare fylkeskommunane gjorde.

Hordaland fylkeskommune har krav om at alle nye faglege leiarar skal ta kurs. Kursa er også obligatoriske for instruktørar, men dette har det vore vanskeleg å gjennomføre i praksis. Fylkeskommunen har utarbeidd kursa og står for gjennomføringa av alle kurs. Nokre tilsette i opplæringskontor og lærarar vert leigde inn som kurshaldarar. Om lag 900 har delteke på kursa årleg.

Sogn og Fjordane fylkeskommune arrangerer kurs sjølv to gongar årleg. Kursa er frivillig å delta på, det er flest frittstående bedrifter som deltek på desse kursa. I tillegg arrangerer opplæringskontor kurs for sine medlemmar fleire gonger i året. Desse kursa er kvalitetssikra av fylkesdirektøren for opplæring. Om lag 350 har delteke på kursa årleg.

---

Saknr: 2020/42867-4  
Saksbehandlar Sissel Brusegård  
Dato: 03.03.2020

---

---

**Til:** Yrkesopplæringsnemnda

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

---

### Kursing av prøvenemnder

I forskrift til opplæringslova § 3-52 går det fram at fylkeskommunen skal sikre at prøvenemnda har tilfredsstillande kompetanse til å vurdere prøva.

Vestland fylkeskommune arbeider med å oppnemnde og skulere nye prøvenemnder. Det er utarbeida kriterium for å vere prøvenemndsmedlem og plan for kompetanseutvikling av desse. Planen inneheld:

- Obligatorisk nettbasert introduksjonskurs for prøvenemnder
- Eigne dagskurs for alle prøvenemndsmedlemmer
- Tilbod om nasjonalt utvikla nettkurs med vekt på relasjon- og vurderingsarbeid

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse har utvikla introduksjonskurset. Innhaldet i dagskurset er utvikla i samarbeid med Kjersti Hovland, som arbeider ved Høgskulen på Vestlandet. Ho er også forfattar av boka vi brukar på kurset: « *veiledning for prøvenemnder* ».

Fylkesdirektøren piloterte nye dagskurs nord i fylket frå oktober 2019 og fekk svært gode tilbakemeldingar på opplæringa. På kursa arbeider nemndene saman med å utvikle opne oppgåvetekstar og tydelege vurderingskriterium slik at kandidatane får vist kva kompetanse dei kan på fag-, sveine- og kompetanseprøva.

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse har vedteke at alle nye prøvenemnder i Vestland fylkeskommune skal få opplæring etter same modell. Det er til no gjennomført om lag 20 kurs. Kursa vert no rulla ut sørover med kursstadar på Voss, Stord, Førde og Bergen. Det er utarbeid kursplan for omlag 30 kurs våren 2020.

Det er viktig at nemndene blir følgt opp for å vidareutvikle både fagprøveoppgåver og tilhøyrande vurderingskriterium. Det er etablert eit eige kursteam med seks kurshaldarar som skal gjennomføre kursa. Sjå kursplan for våren 2020 her: [Kurs prøvenemnder](#)

**Politiske saker**

**PS 4/20 Fagbrev på jobb**

---

Saknr: 2020/41026-1  
Saksbehandlar: Linda Farestveit

---

### Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	4/20	10.03.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse	12/20	10.03.2020
Fylkesutvalet		26.03.2020

### Fagbrev på jobb

#### Forslag til innstilling

1. Fylkeskommunen gjennomfører godkjente og signerte lærekontraktar om fagbrev på jobb med ein estimert kostnad i 2020 på kr 10.820.000,-
2. Fylkeskommunen vil inntil vidare ikkje godkjenne nye lærekontraktar om fagbrev på jobb.
3. Fylkesrådmannen kjem attende med ei sak hausten 2020 med tilråding til korleis ordninga eventuelt kan innrettast i samband med handsaming av budsjett for 2021.

#### Samandrag

Fagbrev på jobb er ei opplæringsordning som vart innført frå hausten 2018. På same måte som i lærlingordninga er det ingen som har ein lovbestemt rett til å få opplæring etter den nye ordninga. Ordninga retter seg primært mot vaksne søkjarar med eller utan rett til vidaregåande opplæring. Det er bedriftene sine kompetansebehov som blir lagt til grunn for søknad om fagbrev på jobb. Det har vore ei stor auke i talet på innmeldte intensjonsavtalar/søknader frå bedriftene frå 2019 til 2020. Fylkeskommunen har gjennom allereie godkjente avtalar om lærekontraktar forplikta seg til å gjennomføre i underkant av 150 kontraktar. Dette vil utløyse tilskot frå fylkeskommunen si side på om lag 10 mill. Det er ikkje teke høgde for ei slik auke i budsjettet for 2020 og fylkesrådmannen tilrår difor at det ikkje vert signert nye lærekontraktar utover dei som fylkeskommunen allereie har forplikta seg til. Fylkesrådmannen ber om å få komme tilbake med ei sak i samband med handsaming av budsjettet for 2021 som vurderer korleis ordninga eventuelt skal innrettast neste år.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn:

Forsøka med fagbrev på jobb starta opp i 2011. Føremålet med forsøka var å utvikla ein alternativ opplæringsveg fram til fagbrev som var tilpassa vaksne ufaglærte i arbeid. Eit sentralt element i forsøka var at vaksne skulle vidareføra jobb og lønn som vanleg mens dei var i opplæring. Hedmark, Nord-Trøndelag, Rogaland, Vestfold og Hordaland deltok i forsøksordninga som gjekk fram til våren 2014.

På grunnlag av erfaringane frå forsøka gjekk regjeringa i Stortingsmelding 16 (2015 - 2016) inn for å etablera ei ordning med fagbrev på jobb som ein alternativ veg til fagbrev i samarbeid med partane i arbeidslivet. Ordninga vart lagt fram for Stortinget i Prop. 52 L (2017-2018) og det vart opna for å tilby ordninga frå hausten 2018.

### Hovudtrekka i opplæringsordninga

- Fagbrev på jobb er ei opplæringsordning på same måte som lærlingordninga og opplæringa i vidaregåande skule.
- Inntak til Fagbrev på jobb har som føresetnad at kandidaten har gjennomført grunnskulen, men det er det ingen som har ein lovbestemt rett til å få opplæring etter fagbrev på jobb-ordninga.
- Ordninga har ikkje krav om fellesfag på vidaregåande nivå.
- Ordninga har inga formell nedre aldersgrense, men sjølve innrettinga av ordninga gjer den primært til eit tilbod for vaksne arbeidstakarar.
- Inntaket til ordninga har som føresetnad at kandidaten har relevant arbeidserfaring minimum 1 år full stilling (80%) før inntak.
- Opplæringsperioden i ordninga er sett til minimum 1 år.
- Verksemda må vera godkjent som læreverksemd for å kunne teikna kontrakt fagbrev på jobb.
- Til kontrakten skal det leggst ved ein individuell opplæringsplan som dekker kandidatens opplæringsbehov ut frå kompetansemåla Vg3 i det aktuelle lærefaget.
- Det skal gå fram av den individuelle opplæringsplanen kva kompetansemål læreverksemda sjølv ikkje kan ta opplæringsansvar for. Hjelp til opplæring i desse måla kan verksemda henta frå andre verksemder, eller frå fylkeskommunen.
- Læreverksemdene får ei årleg godtgjersle tilsvarande basistilskot II, kr 63.500,- per kandidat. Tilskotet skal mellom anna dekke ekstern bistand til opplæringa.

### Innretting av ordninga i tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune

I tidlegare Sogn og Fjordane og i Hordaland fylkeskommunar vart tilbodet for alvor lagt ut hausten 2019. Dei to tidlegare fylkeskommunane har nytta noko ulike tilnærmingar og prosedyrar i forvaltning av ordninga, men begge tilnærmingane er i tråd med krav til opplæringsordninga, jf. Prop. 52 L (2017-2018).

Fagopplæring Sogn og Fjordane har god kontakt med dei ulike opplæringskontora i det tidlegare fylket og har primært nytta desse kontora for rettleiing om ordninga.

Fagopplæring i Hordaland har nytta vaksenopplæringssentra i den tidlegare fylkeskommunen i arbeidet med å rettleia verksemder og opplæringskontor. Verksemdene sender først inn ein avtale om fagbrev på jobb mellom verksemd og den tilsette. Vaksenopplæringssentra kvalitetssikrar avtala med vedlegg og vurderer lengda på opplæringstida i dialog med verksemda. Vurdering og dokumentasjon vert så sendt til fagopplæring som eit grunnlag for fagopplærings godkjenning gjennom signering av lærekontrakt om fagbrev på jobb.

For verksemdene i Fagbrev på jobb er tilgang på fagkompetanse kritisk. Fokus vert sett på kvalitet i opplæringsløpet og optimalisert opplæringstid. Dette vil også prega verksemda sitt utval av tilsette til ordninga. Til dømes har Bergen kommune som føresetnad at aktuelle kandidatar til

Fagbrev på jobb i helsearbeidarfaget skal ha ein samla kompetanse i faget som gjer det sannsynleg at dei vil nå kompetansemåla gjennom eit opplæringsløp på 1 år -1 ½ år. For fylkeskommunen inneber dette at kostnadene til basistilskotet til ordninga vert tilpassa opplæringsbehovet og halde relativt sett lågt.

### Tal godkjente og signerte kontraktar om fagbrev på jobb pr 01.01.2020

Utdanningsprogram med kontraktar	Tal kontraktar
Helse og oppvekstfag	85
Bygg og anleggsteknikk	28
Naturbruk	5
Teknikk og industriell produksjon	12
Elektrofag	6
Service og samferdsel	6
Restaurant og matfag	4
Sum kontraktar	146

Pr 01.02.2020 har Sogn og Fjordane dei fleste kontraktane frå verksemdar i privat sektor, medan Hordaland har ei overvekt av avtalar og kontraktar frå offentleg sektor knytt til helse og oppvekstfaga. Denne skilnaden har bakgrunn i at forsøksprosjektet i Hordaland var knytt til helse- og oppvekstfaga og vart prolongert heilt fram til desember 2019. Ordninga er soleis godt kjend i offentleg sektor i Hordaland.

Tal **innmeldte** søknader om fagbrev på jobb

Fagbrev på jobb som opplæringsordning har etter måten stor og aukande merksemd i heile Vestland fylke. Den auka etterspurnaden etter opplæringsordninga kjem til uttrykk i innmeldte avtalar/søknader til fylkeskommunen. Frå slutten av 2019 fram til 01.02.2020 er det meldt inn 316 saker til handsaming, dvs. dobbelt så mange søknader så langt i 2020 som godkjende løpande kontraktar i 2019.

### Finansiering og kostnadar knytt til ordninga

Alt tyder på at den nye opplæringsordninga har treft eit behov for faglært kompetanse i verksemdene. Det er samstundes klart at kostnadane ved ordninga er betydelege og er forventa å auka.

Det er ikkje lagt til ekstra ressursar til ordninga i den økonomiske ramma til fylkeskommunane. Til spørsmålet om finansiering av kostnadane svarar Kunnskapsdepartementet at ein ikkje kan sjå at den nye opplæringsordninga vil ha ekstra økonomiske og administrative følgjer for fylkeskommunen. Departementet peikar på at ordninga primært gjer det mogeleg for ufaglærte vaksne å nytta den retten dei alt har til vidaregåande opplæring. Ein er på det reine med at ordninga kan medføra at fleire vaksne vil ta i bruk retten til vidaregåande utdanning, men at desse kostnadane er finansiert gjennom rammeoverføringane til fylkeskommunen.

Departementet peikar vidare på at det ikkje er knytt ein lovbestemt rett til å få opplæring etter fagbrev på jobb ordninga og at ordninga dermed heller ikkje pålegg fylkeskommunen auka kostnadar. Fylkesrådmannen viser i denne samanheng til at det er teke initiativ ovanfor Forum for fylkesutdanningssjefar (FFU) og Kommunenes Sentralforbund (KS) for å få undersøkt og løfta spørsmålet om finansiering som ei felles nasjonal sak.

Fylkeskommunen har godkjent i underkant av 150 lærekontraktar om Fagbrev på jobb som skal gjennomførast i 2020. Verksemdene får tilskot frå fylkeskommunen til opplæringa i form av basistilskot II, tilsvarande kr 63.500,- pr. år pr. kandidat Fagbrev på jobb. Estimerte kostnadar for løpande godkjende lærekontraktar fagbrev på jobb :

	Estimert kostnad i 2020 NOK
Godkjende løpande kontraktar	10.820.000,-

Note: Gjennomsnittleg lengd av kontraktane fagbrev på jobb sett til 14 mnd  
Dersom fylkeskommunen i tillegg vel å godkjenne alle innmeldte intensjonsavtaler/søknader pr. 01.02.20, vil det medføra ein ytterlegare auka kostnad i 2020 på om lag, kr 23.410.000,-.



Vedtakskompetanse

Fylkestutvalet

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** saka har konsekvensar for budsjett 2020

**Klima:** ikkje relevant

**Folkehelse:** det er ein godt dokumentert samanheng mellom utdanningsnivå og folkehelse.

**Regional planstrategi:** relevant for regional kompetanseutvikling

Konklusjon

Fylkesrådmannen er på det reine med at Fagbrev på jobb er ei vellukka opplæringsordning som bidreg til å tilføre relevant fagkompetanse, samstundes som ordninga bidreg til at ufaglærte tilsette får høve til å gjennomføra vidaregåande opplæring fram til fagbrev. Fylkesrådmannen vil samstundes peike på at noverande finansiering av ordninga er utilstrekkeleg, og har sett det naudsynt å informere om at det inntil vidare ikkje vert godkjent nye lærekontraktar utover dei som fylkeskommunen allereie har godkjent for budsjettåret 2020.

Fylkesrådmannen tilrår følgjande:

- Fylkeskommunen gjennomfører finansiering av allereie godkjente kontraktar om Fagbrev på jobb med ein estimert kostnad i 2020 på kr 10.820.000,- .
- Fylkeskommunen vil ikkje godkjenne nye lærekontraktar om Fagbrev på jobb i 2020.
- Fylkesrådmannen kjem attende med ei sak hausten 2020 med tilråding til korleis ordninga kan innrettast i 2021, som del av budsjettsaka.

---

Saknr: 2020/42567-1  
Saksbehandlar: Bekka Skaasheim

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	5/20	10.03.2020

**Fullmakt frå yrkesopplæringsnemnda til fylkesrådmannen**

Forslag til vedtak

Fylkesdirektøren rår yrkesopplæringsnemnda til å gjere vedtak om delegering av mynde i tråd med §12-4 i opplæringslova.

**Samandrag**

Yrkesopplæringsnemnda kan gi fylkeskommunen fullmakt til å gjere den faglege vurderinga av bedrifter eller til å utføre andre oppgåver som etter lov eller forskrift er lagde til yrkesopplæringsnemnda.

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør

Bekka Skaasheim  
ass. fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Viser til sak 2/20 Oppgåver og reglement for yrkesopplæringsnemnda i Vestland fylkeskommune. Fylkesdirektøren la fram sak om oppgåver og reglement for yrkesopplæringsnemnda i møte 27.januar 2020, med grunnlag i reglement for delegering etter særlov etter vedtak i fylkestinget. I reglement for delegering etter særlov, pkt 26 Lov om opplæring, §4-3, første ledd, jfr. Siste ledd, *Fylkesrådmannen har mynde til å godkjenne lærebedrifter og gjera vedtak om tap av godkjenning.*

Dette mynde må sjåast i samanheng med §12.4 i opplæringslova.

I § 12-4 *Oppgåvene til yrkesopplæringsnemnda*, heiter det:

Yrkesopplæringsnemnda skal fremje behov hos og synspunkt frå arbeidslivet overfor fylkeskommunane.

Yrkesopplæringsnemnda skal i form av vedtak uttale seg i saker som fylkeskommunen etter § 4-8 er pliktig til å leggje fram for nemnda. Dette gjeld mellom anna saker om godkjenning av lærebedrifter og tap av godkjenning, og om fylkeskommunens kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa.

Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for å heve kvaliteten av heile fag- og yrkesopplæringa.

Yrkesopplæringsnemnda skal særleg

- fremje forslag til organisering, arbeidsmåtar og strategiar for å utvikle kvaliteten av fag- og yrkesopplæringa
- vurdere og uttale seg om rutinane i fylkeskommunen for å sikre kvaliteten av fag- og yrkesopplæringa
- vurdere korleis partane i arbeidslivet skal bidra til kvalitetsutvikling og -sikring i fag- og yrkesopplæringa
- vurdere korleis samhandlinga mellom skolar og lærebedrifter kan betrast
- vurdere korleis kompetanseutvikling kan sikrast.

Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for best mogleg dimensjonering av den vidaregåande opplæringa, og gi fylkeskommunen råd om tiltak i samband med den årlege fastsetjinga av tilbod.

Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for at rådgivinga om fag- og yrkesopplæring blir best mogleg, og foreslå tiltak der ho finn det nødvendig.

Yrkesopplæringsnemnda skal gi råd om korleis utvikling av fag- og yrkesopplæringa og samhandling mellom skolar og bedrifter kan medverke til regional utvikling, mellom anna utvikling av nye verksemder og arbeidsplassar.

**Yrkesopplæringsnemnda kan gi fylkeskommunen fullmakt til å gjere den faglege vurderinga av bedrifter eller til å utføre andre oppgåver som etter lov eller forskrift er lagde til yrkesopplæringsnemnda.**

### Vurderingar og verknader

Godkjenning av lærebedrifter.

Behovet for godkjenning av ei ny lærebedrift oppstår gjerne når ei bedrift som ikkje tidlegare har hatt lærling eller ikkje har vore aktiv lærebedrift dei 2 siste åra (re-godkjenning) har ein søkjar til læreplass som bedrifta kan tenkje seg å teikne lærekontrakt med. Det vil då som regel vere behov for rask sakshandsaming slik at søkjaren kan komme raskast mogeleg i gang med opplæringa.

Fylkesdirektøren vurderer det slik at med den møtefrekvens yrkesopplæringsnemnda har vil det føre til unødig seinking i sakshandsamingstida om godkjenning av lærebedrifter skulle leggjast fram for nemnda før godkjenning.

Opplæringslova gjev også rom for slik praksis. I §12-4 siste avsnitt står det at yrkesopplæringsnemnda kan gje fylkeskommunen fullmakt til å gjere den faglege vurderinga av bedrifter eller andre oppgåver som etter lov og forskrift er lagde til nemnda. Dette er også omtala i Utdanningsdirektoratet sine tolkingskommentarar til § 12-4.

Konklusjon:

Fylkesdirektøren rår yrkesopplæringsnemnda til å gjere vedtak om delegering av mynde i tråd med §12-4 i opplæringslova.

Vedtakskompetanse

Yrkesopplæringsnemnda